

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 26.9.2014
Stad: Hemsedal, Hemsedal kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
 Tony Kjøl, Hol kommune
 Ivar Brevik, Ål kommune
 Hallvor Lilleslett, Gol kommune
 Tor Magnussen, Nes kommune
 Tor Egil Buøen, Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Ole Johnny Stavn og regionkontakt Tore Gilhuus.
- Rådmannsutvalet deltok i sak 41 - 50

SAK 41/14 HALLINGDAL OPPLÆRINGSKONTOR (HOPP), ORIENTERING

I saka deltok Ove Fekene Hallingdal Opplæringskontor og Gudmund Brekko Hallingdal Næringshage. Ove Fekene orienterte om prosjektrapport for Hallingdal Opplæringskontor (vedlagt).

SAK 42/14 PAPIRBREDDEN INNOVASJON AS, ORIENTERING

Saka vart utsett til 28.11.2014

SAK 43/14 MØTEPLAN 2015

Vedtak

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 30.1.2015	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 6.3.2015	09:00	Flå	Regionrådet mogeleg dialogmøte med fylkesmannen?
Torsdag - fredag 26-27.3.2015	09:00	Ål	Regionrådet/rådmannsutvalet
Torsdag - fredag 23-24.4.2015	09:00	Flå/Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 22.5.2015	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 26.6.2015	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 28.8.2015	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 16.10.2015	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 30.10.2015	09:00	Flå/Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 27.11.2015	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 18.12.2015	09:00	Nes	Regionrådet

SAK 44/14 ØKONOMIPLAN 2015 – 2018 OG ÅRSBUDSJETT 2015

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2015, med ei kommunal finansiering på kr. 1.740.000. Foreslått auke er i samsvar med prisendring i kommunesektoren.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2015 – 2018. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2015.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Foresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 45/14 HALLINGDAL 2020, VIDAREFØRING PROFILERING

Prosjektleiar Ulrikke Ytteborg deltok ved handsaming av saka.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 500.000 til vidareføring av å implementere Hallingdal sin nye profil. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.

SAK 46/14 VISIT HALLINGDAL, SØKNAD OM STØTTE TIL PRODUKTUTVIKLINGSPROSJEKT

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd totalt inntil kr.775.000 til Visit Hallingdal til følgjande produktutviklingsprosjekt:
 - Sykkelprosjekt kr. 300.000
 - Profileringsprosjekt langrenn kr. 300.000
 - Felles fotodatabase kr. 105.000
 - Turguiding for barn kr. 70.000
2. Profileringsprosjekt langrenn og fotodatabase blir gjennomført i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2014.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir vurdert fleire aktuelle samarbeidsaktørar for ein felles fotodatabase.
5. Prosjektplan med organisering blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet for dei einskilde delprosjekta, før igangsetting.

SAK 47/14 SØKNAD HALLINGDAL ETABLERERSENTER

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 275.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2014.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2014.

**SAK 48/14 PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE,
2015 – 2016****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune for 2015 og 2016 del 1 - felles del.
2. Regionrådet for Hallingdal vedtek skisse til del 2 – regionale satsingsområde og forventar at det vil bli teke omsyn til regionrådet sine prioriteringar.
Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016, vedteke i Hallingtinget 26.10.2012 er lagt til grunn for følgjande prioriteringar.
 - Bukvalitet (bulyst/blilyst), Hallingdal 2020
 - Kommunikasjon, veg, bane, inkl. kollektivtrafikk og trafikktryggleik, breiband
 - Kompetanse
 - Utvikling av tilbod vgs i nært samarbeid med Hallingdal
 - Permanent desentralisert høgskuletilbod og fjellfagskule
 - Karrieresenter
 - Reiseliv
 - Støtte opp om felles reiselivsselskap for Hallingdal
 - opplevingar
 -
 - Utvikle næringsklynger, veksthus
 - Folkehelse (eige prosjekt i samband med samhandlingsreforma)

SAK 49/14 EVENTUELT**Kommunestruktur**

Regionrådet /rådmannsutvalet hadde ein gjennomgang på status prosess i forhold til kommunestruktur i dei einskilde kommunane.

SAK 50/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Hemsedal 26.9.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune